

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 10.12.2020

Sigbjørn Framnes (Frp) sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

«Endring av paragraf 2a: 2 år vert endra til 1 år

Endre Paragraf 2c til: Brukarar vert godkjend utan hensyn til alder

Paragraf 2: erstatte siste setning med: Manglande rutetilbod kan i særskilte høve vektleggast

Endre paragraf 4 til: Brukarar får godkjenning for 1 år for mellombels sjukdom/nedsett funksjonsevne, eller når det er tvil om sjukdom/nedsett funksjonsevne er varig. Brukarar får godkjenning for 10 år for varig sjukdom/nedsett funksjonsevne. Brukarar med varig sjukdom/nedsett funksjonsevne som er utan utsikter til betring av tilstanden kan få livsvarig godkjenning. Brukarar kan søkja om fornya godkjenning før godkjenningsperioden er over.

Paragraf 5: Nest siste avsnitt vert fjerna (støtte frå NAV)»

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Endring av § 5 tredje ledd: «Søkjar som disponerar bil innkjøpt med støtte frå NAV skal ikkje verte trekt av sin kvote til den fylkeskommunale tt-ordningen.»

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av Krf, A, Sp, MDG og SV fram slikt forslag:

« § 5 a: endre visus 0,1 til visus 0,33»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1 med strekpunkt 2 b) og innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteke. Framnes sitt forslag fekk 7 røyster (Frp, H, FNB og UA) og fall. Innstillinga resterande del vart samrøystes vedteke. Hammer sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (Krf). Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Med heimel i Stortingshandsaming 10. april 1986 og privat autonomi, vert ny forskrift for transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne (TT-ordninga) i Vestland, vedteken med desse endringane:

-Alternativ setning i § 2: Manglande rutetilbod vert ikkje vektlagt i søknaden. Som hovudregel vert heller ikkje vanskar med å bere varer, bagasje eller anna mellom heim og haldeplass, eller bratte bakkar/lang veg til haldeplass vektlagt.

-Paragraf 2.b: sette punktum etter «ordinære kollektive rutetilbod» Stryk resten.

-Endring i § 4, andre avsnitt: Brukarar får godkjenning for 10 år for varig sjukdom/nedsett funksjonsevne.

-§ 5 a: endre visus 0,1 til visus 0,33

- Endring av § 5 tredje ledd: Søkjar som disponerar bil innkjøpt med støtte frå NAV skal ikkje verte trekt av sin kvote til den fylkeskommunale tt-ordningen.

2. Den nye forskrifta trer i kraft 1.1.2021.

